# Cittaslowrådsmøte nr.3/2016

**Referat frå rådsmøte:**

**Tid: 18. mai 2016 kl. 18-20.30**

**Stad: Hjadlane Galleri, Osa**

**Frammøtte:**
Håkon Gjerde
Arne Haukeland
Stein Olav Kolaas
Anders Kr. Oppheim
Ingvild Sygnestveit

Hans Petter Thorbjørnsen
Natalia Golis

**Forfall:**
Ingrid Prestegard
Geir Neteland
Pål Drønen
Cecilie Øydvin
Jenny Johnsen

**Saksliste:**

**Sak 12/16: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Vedtak: Godkjend

**Sak 13/16: Godkjenning av referat frå sist rådsmøte**

Vedtak: Godkjend

**Sak 14/16: Orienteringar frå administrasjon**

1. «Operasjon Opprydding» i Ulvik. Det ble orientert om brev og opprydding på Hjeltneskaien, med frist 29 mai for å tømme området. Man ser også på Holmen område og Dondis for å finne løysinger.
2. Årsmøte Island: Den 27. mai er det årsmøte i det Nordiske Cittaslow nettverket i Djúpavogshreppur på Island. Orientering om innhaldet i årsmøte og program. Sjå vedlagd innkalling/ saksliste og årsmelding. Det er ordførar og leier i det nordiske nettverket, leiar i Cittaslowrådet og sekretariat som reiser. Djúpavogshreppur har mange gode aktiviteter og verdiar vi kan lære av!
3. Moglege framtidige prosjekter:

a. Matkvalitet hjå eldre på sjukeheimen og heime. Sjåast i samanheng med skule/ barnehage. VI har meget høg kvalitet på sjukeheimen i Ulvik, dette kan kanskje utvidast til meir deltaking blant dei elder i matlaging.
b. Aktivitetspark/ møteplass/ lekeplass i sentrum med benker/ bord er positivt. Det er bestilt to bord med benker til promenaden. Og arbeidas med ein søknad til Sparebankstiftinga til fristen i oktober. Osa: camping/ grill bør sjåast på. Innspel på at sentrumsområde kan være ein steinpark- som innbyr til å båe sitte og leike.
c. Økonomi: Det er naudsynt å skaffe til begge fleire midlar direkte øyremerka Cittaslow satsinga. Eit alternativ er KUP midlar i fylket, og miljøtiltak med støtte frå Klimasats m.fl. beredskap, gjødselsvogner ++
d. Landbruk

**Sak 15/16: SlowFood Prosjektet i Barnehagen- Den kulturelle matsekken**

Slow Food Hardanger startar våren 2016 opp prosjektet «Den kulturelle matsekken»; eit samarbeidsprosjekt med Ulvik barnehage om å etablere ein grønsakshage til og for borna i barnehagen. Ved å etablere ein grønsakshage for og med borna i Ulvik barnehage ynskjer Slow Food Hardanger å lære borna noko om kvar maten vår kjem ifrå. Slow Food handlar om å dyrka den enkle gleda ved god mat i godt selskap, og å kopla matgleda med ei forplikting ovanfor dyr, natur og menneske.

Det er eit ynskje at barnehage og skule drar inn Cittaslow-filosofien i barnas kvardag, så den inngår i læringsplanar og mål for skulen og barnehagen. Dette har rådet nemnt i si eiga utkast til kriterier for Brakanes skule og barnehagen. Cittaslow filosofi i «barnehøgde» handlar om å tenkje heile menneskje og heilskapleg, til dømes ved å:

- gje barn moglegheit til å møte forskjellige kulturelle uttrykksformer
- sikre at born får optimal tilgang til lokale natur- og friluftsområdesørge for at borna blir kjende med Ulvik si historie og særpreg
- sørge for at borns bidrag er synlege i lokalområdet, så born opplever å vere viktige medborgarar
- sørge for å auke borns kunnskap om lokal matproduksjon, frå jord til bord- og sjå på bl.a skule- og barnehage-hagar.

Sjå vedlagd prosjektplan for meir informasjon.

**Vedtak:** Cittaslowrådet støttar heilhjarta prosjektet "Den kulturelle matsekken" som er heilt i tråd med å gjere Ulvik til ei Cittaslow bygd.

**Sak 16/16: Strategi Forsvinn Matsvinn**

I tråd med uttalt ynskje frå Cittaslowrådet sist møte i mars 2016, og etter initiativ frå SlowFood Hardanger har sekretariatet starta arbeidet med å laga ei strategi for å minske matsvinn og avfalls mengdene i heradet. Næringsmiddel produsenter, dagligvarehandel, storhusholdning (restaurantar, hotella), og forbrukeren kaster masse mat som kunne vært spist. For norske dagligvarebutikker utgjør matsvinn inntil 10 % av omsetninga. Det er også grunn til å tro at matsvinn frå storkjøkken og serveringssteder er i same størrelses orden.

Norske husholdninger kastar ein fjerdedel av maten dei kjøper. Ein viktig grunn til at maten blir kasta, er at vi har lite kunnskap om matkvalitet i forhold til holdbarhetsdato, samt at vi er dårlege til å planleggje innkjøp og måltida. Forskning visar at sjølv om industrien og dagligvarehandelen også

kaster mat, er det forbrukerne som står for det største volumet. Kvar fjerde handlepose vi kommer heim med går rett i søpla!

Det tilsvara 51,1 kilo per person i året. Både av omsyn til miljø, ressurs utnytting og økonomi, er det viktig å få redusert dette matavfallet.

**Vedtak:**

1. Det blir invitert til eit møte mellom daglegvarebutikkane og serveringsstadene for å båe bevisstgjøre og invitere til ein dugnad for strategien.
2. **Det blir utarbeida ein strategi «Svinn Matsvinn» blir eit satsingsområde for Ulvik. Det skal leggast konkret mål til grunn i eit tre-årig prosjektperiode. Målet skal være: Kutte mengde avfall pr. person med særleg fokus på matavfall, auka bevissthet og kunnskap om korleis minske avfall og skape gode holdningar.**
3. Inngå dialog med Indre Hordaland Miljøverk for å sjå på kartlegginga av avfalls mengd og for å betre gjer kjend IHM sine tilskottsordningar for kompost bingar/ og oppmoda dei til å gje tilskott til blant anna tøybleie bruk mm. Dei kan også bistå med kompetanse og marknadsføring omkring bl.a kildesortering
4. Saman med pågåande prosjekt i barnehagen skape fokus på matsvinn og avfall i skulen og barnehagen.
5. Sjå på moglege tilskott/ tiltak frå heradet for miljøsatsingar. Miljøprisen bør utgreiast.

**<u>Sak 17/ 16:</u> Oktobertorg 2016**

Oktobertorget bør løftas fram som eit årleg Cittaslow arrangement i samarbeid med næringslivet, Lions, bygdekvinnelaget m.fl.

Det er eit uant potensiale båe for å vise fram Ulvik, våre produsentar og handverkarar, skape eit samlande møteplass og festdag for innbyggarane, og sette kvalitetane og satsingane til Cittaslow i fokus. Slow Food Hardanger har varsla ynskje om å samle folk på langbord til felles måltid med lokal mat i fokus. Dette er i tråd med ynskje om å løfte fellesskapet og aktivitetane på dagen.

**Vedtak:**

1. Cittaslowrådet inviterer inn til eit Oktobertorg -møte før sommaren. Innhaldet skal vere idémyldring, ansvarsfordeling og økonomi.
2. Heradet og rådet bistår Slow Food Hardanger i planlegginga av ein storstilt langbord servering av lokalmat.
3. Det arrangerast ei Cittaslow eplekake konkurranse med båe jury/ premiering og markering.
4. Det settas ned ei arbeidsgruppe for å sjå på kulturinnslag og aktiviteter for barn mm.

**<u>Sak 18/ 16</u>: Sertifisering av verksemda/ produsentar/ skule og barnehage- utsettast**

Som godkjend Cittaslow kommune er det ynskjeleg at heile lokalsamfunnet tar eigarskap til Cittaslow snigelen og verdiane til Cittaslow. Vedlagd innkallinga igjen er utkastet med punkter til sertifiserings kriterier for verksemd, produsent og skule.

Foreslår vi tar ein 20 minuttar workshop med gruppediskusjon, alternativt kalla inn til eit eiga møte i juni for å ferdigstille utkaste, informasjonsmaterialet og korelis vi skal vurdere godkjenning.

**<u>Sak 19/16:</u> Søsterby avtale med Greve og delegasjonsbesøk i september 2016**

Ulvik herad ved ordfører har over lengre tid vært i dialog for undersøke korleis bli søsterby med Greve i Chianti i Toscana. Det har vært fleire møte mellom oss to, der ideen ble først riktig lansert da Ulvik delegasjonen besøkte Greve i Chianti i oktober 2014 og då Ulvik deltok på årsmøte i Abbiatograsso i juni 2015. Notat og punkter til avtale er vedlagt. Det er nå avklart at ordfører med følge har takket ja

til invitasjon til å komme til Ulvik på besøk i slutten av september i år. Dette vil være ein ypparleg høve å signere ein slik søstert-by avtale med pomp og prakt.

**Vedtak:**

Cittaslowrådet støttar initiativet til å bli søsterby med Greve i Chianti. Rådet vil gjerne be om å få avtalen til uttale før vedtak.

**<u>Sak 20/ 16:</u> Neste møte:**

**Vedtak:** Neste rådsmøte er onsdag 30. august 2016. Forslag om Kvemmadokkje.

**<u>Sak 21 / 16:</u> Ymse**

- Ynskje om opprydding rundt i bygda. Etabler ei folkedugnad til opprydding.